



Arkivnr: 2014/10537-2

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 25/13 i møte 19.9.13:

- 1 *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.*
- 2 *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
- 3 *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 28.2.2014 ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

*"Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad det er etablert tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre god styring og kontroll med tilskotsforvaltninga innanfor kulturområdet."*

Med bakgrunn i dette føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. Er det gjort ei tydeleg avgrensing av roller og mynde mellom administrasjonen og politisk nivå, når det gjeld tilskotsforvaltning på kulturområdet?
2. Er sakshandsaminga i samband med tildeling av tilskot tilfredsstillande?
  - a. Er det utarbeidd klare føringar og/eller kriterium for tildeling av tilskot innanfor dei ulike tilskotsordningane?
  - b. Blir forvaltningslova sin krav til sakshandsaming etterlevd?
  - c. Blir eventuelle interne retningslinjer for sakshandsaminga etterlevd?
  - d. Er sakshandsaminga godt dokumentert og etterprøvbar?
  - e. Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for vurdering av habilitet i samband med tildeling av tilskot?
3. Er informasjon om tilskotsordningane tydeleg og gjort tilgjengeleg for målgruppa?
4. I kva grad er det etablert system for å vurdere om tilskota bidrar til å nå dei mål som er sett?
  - a. I kva grad er det formulert tydelege føremål med dei ulike tilskotsordningane?
  - b. I kva grad blir det stilt krav om rapportering frå tilskotsmottakar?
  - c. I kva grad blir det stilt krav om dokumentering av kostnader i samband med rapportering?

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- d. I kva grad blir rapportering frå tilskotsmottakarar nytta for å gjennomføre evalueringar av ulike tilskotsordningar?
5. Er det etablert tilstrekkelege rutinar for koordinering og samhandling mellom kulturavdelinga og andre avdelingar i fylkeskommunen, i tilfelle der det kan vere aktuelt at fleire avdelingar tildeler tilskot til same verksemd eller føremål?

I prosjektplanen har Deloitte gjort ei slik presisering av prosjektet:

*"Prosjektet vil ha fokus på tilskotsordningar som blir forvalta av Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, og hovudfokus vil vere på tilskotsordningar som er definerte som «kultur», samt tilskotsordningar som er definerte som «frivillig arbeid (kultur og idrett)»".*

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til ein konklusjon.

## Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrågjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*